



Bokn kommune

Dato: 12.08.2026

Arkivsak-ID.: 25/1105

JournalpostID: 26/2473

Saksbehandlar: Ingeborg Skjølingstad

Kommunedirektør/rådmann:

Saksnr.	Utval	Møtedato
080/26	Formannskapet	08.09.2026
	Kommunestyret	

Lufthavndrift AS -Gjeldskonvertering og overtaking av Avinor

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bokn kommune godkjenner at Karmsund Lufthavn Invest AS sitt krav på Lufthavndrift AS blir konvertert til egenkapital i selskapet, og at dei utferda aksjane inngår i eit samla sal til Avinor. Bokn kommune ønskjer dermed ikkje at kommunen sitt krav på Karmsund Lufthavn Invest AS blir konvertert til aksjar i Karmsund Lufthavn Invest AS.

Saksutgreiing

Samandrag

Karmsund Lufthavn Invest AS (heileigd dotterselskap av Karmsund Havn IKS) har i brev datert 26.06.2026, med vedlagt brev frå Lufthamndrift AS av 23.06.2026, bede kommunane ta stilling til ei gjeldskonvertering som ledd i at Avinor tek over Lufthamndrift AS. Lufthamndrift AS er i realiteten insolvent. Bankgarantien som har dekt leiga til Avinor, er fullt ut nytta, og alternativet til den føreslåtte løysinga er oppbod med påfølgjande driftsstans.

Kommunedirektøren tilrår at kommunen aksepterer konverteringa. Grunngevinga er at kommunen sitt utlån er tapt uavhengig av utfallet, medan ein aksept sikrar vidare drift utan avbrot og legg til rette for den salsprosessen Stortinget vedtok 15.06.2026. Aksepten blir tilrådd gitt med atterhald, og kommunedirektøren rår frå det eine alternativet brevet opnar for, nemleg å konvertere kommunen sitt krav til aksjar i Karmsund Lufthavn Invest AS.

Bakgrunn for saka

Haugesund lufthavn Karmøy opna i 1975 og var lenge ei av Avinor sine lufthamner. Allereie i 2003 vart rullebana forlenga med lokal finansiering, der Haugaland Kraft på vegner av eigarkommunane bidrog med betydelege midlar. Dette gjorde utanlandsruta til Ryanair mogleg. Flyplassen har dermed ei særstilling i norsk luftfart som arena for lokalt og privat initiativ.

Etter at Samferdselsdepartementet i 2017 vedtok å setje drifta ut som tenestekonsesjon i 20 år, overtok Lufthavndrift AS drifta 12. mai 2019, med konsesjonsperiode 2019–2039. Avinor heldt fram som eigar av infrastrukturen og leiger denne ut til Lufthavndrift AS. Eit berande premiss for modellen var kostnadsnøytralitet for staten og rom for ei rimeleg lokal avkasting. I praksis har modellen vist

seg sårbar, særleg på grunn av ein KPI-regulert leigeavtale som har gitt staten overkompensasjon, og som Lufthavndrift AS ikkje har klart å få reforhandla. Pandemien forsterka dei strukturelle utfordringane.

Kommunane sitt engasjement er kanalisert gjennom Karmsund Havn IKS, som eig Karmsund Lufthavn Invest AS, som igjen er deleigar i Lufthavndrift AS med om lag 34 prosent.

Lufthavndrift AS har lånt 20 mill. kroner frå kommunane på Haugalandet, ytt via Karmsund Lufthavn Invest AS, og om lag 10 mill. kroner frå Haugaland Kraft AS. Av «kommunelånet» på om lag 20 mill. kroner utgjer Bokn kommune sin del indirekte kr 143 000. Aksjeverdien i Karmsund Lufthavn Invest AS vart nedskrive med 6 mill. kroner i Karmsund Havn IKS' årsregnskap for 2024.

Saks- og faktaopplysningar

Stortinget sitt vedtak 15.06.2026

Stortinget opna 15.06.2026 for sal av Haugesund lufthavn Karmøy, men med ei rekkje vilkår. Dei mest relevante for denne saka er:

- offentleg eigardel i ein ny eigarkonstellasjon skal vere minst 35 prosent,
- staten skal ha forkjøpsrett ved vidaresal,
- eigedomen skal berre nyttast til luftfartsføremål,
- ein kjøpar må leggje fram ein realistisk femårig drifts- og vedlikehaldsplan utan føresetnad om statsstøtte,
- salsprosessen skal ikkje føre til driftsavbrot,
- Avinor skal ta over drifta dersom desse omsyna ikkje blir tilstrekkeleg ivaretekne.

Den føreslåtte Avinor-løysinga er ikkje i strid med Stortinget sitt vedtak. Løysinga sikrar at drifta blir halde oppe fram til eit eventuelt sal etter Stortinget sine vilkår kan gjennomførast, og breva kommunen har motteke stadfestar at aksjesalet til Avinor ikkje er til hinder for eit seinare kjøp av lufthamna.

Kva kommunen blir beden om

Brevet av 26.06.2026 ber kommunen ta stilling til to forhold:

1. Eit samtykke til at Lufthamndrift AS si uteståande lånegjeld til Haugaland Kraft AS og Karmsund Lufthavn Invest AS blir konvertert til eigenkapital i Lufthamndrift AS, og at dei utferda aksjane inngår i salet til Avinor. Samla krav som er føreslått konvertert, er oppgitt til kr 30 619 764 inkludert påløpne renter og kostnader.
2. Ei avklaring av korleis kommunen vil handtere sitt eige krav på Karmsund Lufthavn Invest AS, om lånegjelda blir akseptert ettergitt, eller om kommunen ønskjer å konvertere kravet til aksjar i Karmsund Lufthavn Invest AS.

Lufthavndrift AS kalla inn til ekstraordinær generalforsamling 30.06.2026. Tidsplanen for aksjesalet er inngåing av aksjekjøpsavtale innan 15.08.2026 og gjennomføring 01.09.2026. Kommunen er beden om tilbakemelding seinast 10.08.2026 dersom han **ikkje** meiner konverteringa er den beste løysinga. Dersom svar ikkje blir gitt, blir det lagt til grunn at kommunen tek saka til orientering og vurderer henne på same måte som Karmsund Lufthavn Invest AS. Kommunedirektøren har meldt tilbake til Karmsund Havn IKS at svar ikkje kjem før etter politisk behandling. Dette betyr at kommunen sin fordring på 143 000 vert tapsført.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at det per i dag ikkje ligg føre realistiske utsikter til at kommunen sitt utlån vil bli innfridd. Den økonomiske konsekvensen for kommunen blir derfor vurdert som den

same, uavhengig av om kommunen støttar den føreslåtte Avinor-løysinga eller ikkje. **Tapet er realisert uavhengig av kommunen sitt standpunkt.**

Kjernen i saka er punkt 1 i låneavtalen, som slår fast at kommunane si rettslege stilling ikkje er betre enn Karmsund Lufthavn Invest AS si stilling overfor Lufthavndrift AS. Karmsund Lufthavn Invest AS har ingen andre egedelar enn aksjane i Lufthavndrift AS, og lånet til kommunane er usikra. Når Lufthavndrift AS er insolvent og ikkje kan oppfylle sine økonomiske forpliktingar, og garantien er oppbrukt, er Karmsund Lufthavn Invest AS sitt krav tapt, og dermed også kommunen sitt krav. Dette gjeld anten kommunen aksepterer Avinor-løysinga eller ikkje. Ein aksept påfører såleis ikkje kommunen noko nytt tap, ettersom tapet allereie er ein realitet.

Dersom løysinga derimot blir avvist, er konsekvensen oppbod i Lufthavndrift AS. Det vil føre til driftsstans ved flyplassen, noko som er i direkte motstrid til Stortinget sitt premiss om at salsprosessen ikkje skal føre til driftsavbrot, utan at kommunen får dekning for utlånet sitt. Avinor-løysinga sikrar derimot kontinuerleg drift, ein ordna overgang og ein statleg aktør som garantist for drifta fram til Stortinget sitt vedtak er følgt opp.

Ved å samtykkje gir kommunen indirekte frå seg ein eigarposisjon som samla utgjer om lag 34 prosent i Lufthavndrift AS. Denne posisjonen er likevel utan verdi i eit insolvent selskap. Stortinget sitt krav om minst 35 prosent offentleg eigardel ved eit framtidig sal kan reise spørsmål om kommunen burde halde på ein posisjon for å delta i ei slik eigarkonstellasjon. Etter kommunedirektøren si vurdering er dette ei eiga avgjerd:

Avinor-løysinga hindrar ikkje eit seinare kjøp, og ein eventuell framtidig offentleg eigardel kan vurderast uavhengig av denne saka.

Brevet frå Karmsund Havn IKS opnar for at kommunen, i staden for ettergiving, kan konvertere sitt krav til aksjar i Karmsund Lufthavn Invest AS. Dette blir frårådd. Karmsund Lufthavn Invest AS sin einaste egedel, aksjane i Lufthavndrift AS, blir selde til Avinor til symbolsk verdi. Ei konvertering ville dermed innebære å byte eit tapt krav mot tilnærma verdilause aksjar og binde kommunen som direkte aksjonær i eit selskap som skal avviklast. Den mest ryddige løysinga er å konstatere tapet og akseptere ettergiving.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Bokn kommune godkjenner at Karmsund Lufthavn Invest AS sitt krav på Lufthavndrift AS blir konvertert til eigenkapital i selskapet, og at dei utferda aksjane inngår i eit samla sal til Avinor. Bokb kommune ønskjer dermed ikkje at kommunen sitt krav på Karmsund Lufthavn Invest AS blir konvertert til aksjar i Karmsund Lufthavn Invest AS

.Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.